



ANGELETVEIT FJORDRIVE  
Fjellien 5A  
5019 BERGEN

Dato: 03.07.2018  
Vår ref.: 2018/141-32  
Saksbehandlar: nilelde  
Dykkar ref.:

## Avslag på søknad om mellombels fritak frå krav om løyve for transport med personbil

### 1. Bakgrunn for saka

Vi viser til dykkar søknad av 5.3.2018 om mellombels fritak frå krav om løyve for transport med personbil.

Søknaden er grunngjeve med at du driv eit lite turistfirma som vil tilby dine gjester forskjellige aktivitetar. Det vert vist til at gjestene leiger leilegheiter hos deg, og at dei skal være med på opptil fleire aktivitetar same dag. Det er i denne samanhengen naudsynt å kunne ta dei med i personbil for å nå gjennom dei aktivitetane som vert tilbydt, og for å få med utstyr som må takast med. Det vert vist til at dette er aktivitetar som vil skje i fjordane og langs kysten.

I samsvar med høyringskravet for slike søknader, sendte fylkeskommunen søknaden på høyring til fire interesseorganisasjonar den 12.3.2018. Fylkeskommunen fekk høyringssvar frå to av desse innan høyringsfristen; Norges Taxiforbund avd. Hordaland v/ Tor Anders Hauge, NHO Transport Hordaland v/ Ronny Paulsen.

### 2. Rettsleg grunnlag

Det følgjer av yrkestransportlova § 21 første ledd, jf. yrkestransportforskriften § 23 første ledd, at departementet i forskrift eller i einskildvedtak kan fastsetje unnatak frå krav om løyve for særskilde slag transportar eller motorvogner dersom det ikkje er i strid med internasjonal avtale der Noreg er part.

I rundskriv N-7/2017 har Samferdselsdepartementet i samsvar med yrkestransportlova § 15 delegert mynde til fylkeskommunane til å gje unnatak frå krav om løyve for småskala turistverksemder.

### 3. Fylkeskommunen si vurdering

Departementet opnar i rundskrivet for at det kan gjevest fritak frå kravet om løyve for småskala turistverksemder der det er naudsynt å tilby persontransport som ein tilknytt del av opplevingsarrangement. Løyvefritaket skal berre gjelde for transport av eigne kundar til og frå aktivitetane som innehavar av løyvefritaket sjølv er arrangør av. Transporten må skje i tilknyting til sjølve arrangementet, ved at transporten berre er ei underordna tilleggsytинг som vert utført av verksemda fram til reisemålet.

For å få godkjent søknaden må ei rekke objektive krav være oppfylt. Personlig søker eller dagleg leiar for søker som er juridisk person må oppfylle kravet til vandel. Søker må ha tilfredsstillande økonomisk evne. Søker må være faktisk og varig etablert i Noreg. Motorvogna skal være registrert på den verksemda eller vere til verksemda sin disposisjon gjennom leige- eller leasingavtale. Førar av køyretøyet må også ha

køyresetel. På bakgrunn av dette vart det stilt krav i søknadsskjemaet at følgjande dokumentasjon måtte leggjast ved søknaden: firmaattest, politiattest, attest frå konkursregisteret, skatteattest, garantierklæring frå bank og vognkort for køyretøyet det er søkt fritak om. Fylkeskommunen har vurdert den innkomne dokumentasjonen frå Angeltveit Fjordrive, og finner at den tilfredsstiller dei objektive krava.

Utover dokumentasjonskravet er det vidare eit krav om at fylkeskommunen må gjennomføre eit individuelt skjønn ut frå ei vurdering av om den tenesta som søknaden er basert på kan verte utført ved å nytte eksisterande løyvehavarar til transportdelen. Søknaden vart difor sendt på høyring til fire interesseorganisasjonar. Vi fekk høyringssvar frå to av desse innan høyringsfristen.

Norges Taxiforbund avdeling Hordaland har i brev motteke 2.4.2018 kome med kommentarar til søknaden. Det vert vist til at dei ikkje kan sjå at det skal kunne gjevast fritak for transportløyve for å frakte eigne kundar rundt omkring på diverse arrangement da dette vil være i rein konkurranse med eksisterande verksemder som kan utføre desse transportoppdragene og som allereie tilbyr sørkar dette. Forbundet meiner at det ikkje føreliggjer ein særlig grunn til at sørkar ikkje kan nytte selskap som er profesjonelle på transport og kører med løyver og garantiar som er påkravd for å frakte personar. Forbundet oppmodar fylkeskommunen til å avslå søknaden.

NHO Transport Hordaland har i brev av 23.3.2018 kome med kommentarar til søknaden. Dei viser til at det er to omsyn av betydning som må vegast opp mot kvarandre i denne saka. Det er ønskjeleg at turistnæringa i Hordaland vert gjeve rammevilkår som legg til rette for utvikling av turismeprodukt som bidrar til å gjere Hordaland til eit attraktivt reisemål. Samstundes er det viktig at regelverket for løyvepliktig transport ikkje vert undergrave gjennom dispensasjonar.

Det vert peika på at det er viktig at transportdelen ikkje utviklar seg til å verte den dominerande del av reiselivsproduktet som vert selt, og at transport av større grupper bør skje med løyvepliktig busstransport. Det vert peika på at det allereie i dag er hard konkurranse om å transportere gjester til fjordområder, og det vert vist til at aktørar som Tide Buss AS, Boreal Travel AS, Modalen-Eksingedalen Billag AS og Turbuss Vest AS er nokon av verksemndene som har god dekning av køyring til distriktet. Det vert vist til at dispensasjon etter deira oppfatning vil kome i konflikt med ruteproduksjonar som i dag har god dekning.

Hordaland fylkeskommune har etter ei konkret vurdering av søknaden og dei innkomne høyringssvara **kome til at søknaden om mellombels løyefritak vert avslått.**

Det vert i retningslinjene frå Samferdselsdepartementet sitt rundskriv (N-7/2017) vist til at løyefritaket berre gjeld for transport av eigne kundar til og frå aktivitetar som innehavar av løyefritaket sjølv er arrangør av. Transporten må skje i tilknyting til sjølve arrangementet ved at transporten berre er ei underordna tilleggsyting som vert utfør av verksemda fram til destinasjonen.

Hordaland fylkeskommune kan ikkje sjå at det er spesifisert i søknaden kva type arrangement det er tale om transport til. Vi kan difor ikkje legge til grunn at dette er aktivitetar som verksemda sjølv er arrangør av. Fylkeskommunen finner vidare at turane som er førespegla i søknaden basera seg i stor grad på transport frå Bergen og til destinasjonar i distriktet. Fylkeskommunen meiner det kjem klart fram av søknaden at ein vesentlig del av aktivitetspakken som vert tilbydd gjestene er sjølve transporten til destinasjonen. Det er difor tvilsamt at transporten er ei underordna tilleggsyting av den totale pakken som vert marknadsført. Fylkeskommunen meiner difor at sjølve transporten av kundar frå Bergensregionen og ut i distriktet til diverse aktivitetar er ein dominerande del av det tilbodet som Angeltveit Fjordrive marknadsfører til sine gjester. Fylkeskommunen meiner det er klart at slik transport ikkje oppfyller vilkåra for å få løyefritak etter rundskriv N-7/2017.

Fylkeskommunen har vidare også vurdert konkurranseflata mot både drosje og turvogn, og finner at denne transporten kan utførast av eksisterande løyvehavarar i Bergensregionen. Fylkeskommunen meiner at det ikkje føreliggjer ein grunn til at Angelteit Fjordrive ikkje kan nytte andre selskap til denne transporten.

#### 4. Vedtak

Hordaland fylkeskommune fattar følgjande vedtak:

**Angelteit Fjordrive AS sin søknad om mellombels fritak frå krav om løyve for transport med personbil vert avslått.**

#### 5. Meir informasjon

Dette vedtaket kan klagast på til Samferdselsdepartementet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Ei eventuell klage må framsetjast samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. I klagen bør det nemnast kva endringar som er ønskja, og ei forklaring på kvifor vedtaket bør gjerast om. Vi viser til reglane om klage og omgjering i forvaltningsloven kapittel 6. Søksmål om lovlegskapen av vedtaket eller erstatningskrav kan berre reisast dersom klagemulegheita er nytta først. Eit eventuelt søksmål må reisast innan to månader rekna frå underretninga om klagevedtaket kom fram, jf. yrkestransportlova § 34.

Med dei avgrensingar som følgjer av forvaltningsloven §§ 18 og 19 har du rett til å sjå sakas dokumenter.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Nils Tore Eldegard  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*